



"Bierstube" med Karl Petter Vårdal i bardisken

Festivalen melder frå om at det er eit variert ølutval på årets festival. Med eiga ølstove og fagfolk bak disken, legg ein opp til ei oppleving av dei sjeldne på Dønhaug denne helga.

Det skal vera øl for ein kvar smak. Vårdal fortel at om ein ynskjer IPA, må ein vera om seg alt på den fyrste festivaldagen. IPA `en er Vestkyst frå Kinn, faktisk det mest selde IPA ølet i landet på over 6 %.

Oregioian frå Voss Bryggeri vert kopla på ved opninga på laurdag. Det er eit øl som vert omtala som den beste American Pale Ale i landet. I 'bierstuben' kan ein smaka seg fram på lista og gje gode råd til andre. Årets festivaløl, Laganoso, går unna både på festivalområde og på butikkane. Truleg vert dette ølet utseld tidleg laurdag kveld. Det er i så fall fyrste gongen eit festivaløl vert utseld før festivalen er over.

Foto/Tekst: Festivalen
 Nett: Kristian Bringedal